

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|--------|------------|
| Anne Kristin Rafoss | FE-033 | 20/142 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 010/2020 | Kommunestyret | PS | 13.02.2020 |

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Informasjon om Stortingets beslutning om overføring av skatteoppkrevingen fra kommunene til Skatteetaten
2. Protokoll Representantskap 1-2019 IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap, 19. november
3. Skule- og barnehageruta 2020-2021
4. Stifting Vann Vest AS
5. Protokoll Regionråd 6-2019, fredag 6. desember 2019
6. Fråsegn - NOU 2019: «Skattlegging av havbruk»
7. Perioderapport 2016-2019 Nordhordland Utviklingsselskap IKS
8. Til kommunane i Vestland fylke ved politisk leiing - Høyring politisk plattform og framlegg på kandidatar til verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 010/2020

KS - behandling:

3. og 4.klasse med lærar Jane Eikeland frå Sandnes skule demomstrerte og orienterte om Lego League i starten av møtet.

Grunngjevne spørsmål:

Kariann Ekren (H) stilte følgjande spørsmål:

Korleis er status for skulane i Masfjorden i høve den nye læreplanen? Kva nye tilbod kan ein forvente til skulestarten til hausten? Har ein teknisk kapasitet for digital læring og korleis ser ein for seg at skulane i Masfjorden vil ta dette i bruk? Får den nye læreplanen økonomiske og faglege konsekvensar for skulane våre?

Rådmannen tilrådde å ta tema som ei orientering / temasekvens på neste kommunestyremøte kor oppvekstleiar kunne stille og evt rektor(ar) gje ei statusrapport og svare på spørsmåla noko kommunestyret slutta seg til.

Spørsmål stilt i møtet:

Wenche Dæe (Sp) stilte følgjande spørsmål:

No er tida snart inne for å lyse ut ledige stillingar i skulane og barnehagane våre. Me veit at det kan vere vanskeleg å få kvalifiserte søkjarar til dei stillingane me lyser ut.

I fjor vart det og lyst ut stillingar, men det viste seg at det var få kvalifiserte søkjarar som takka jo til jobb i kommunen. Det er kjent for Masfjordne Sp at det tok særst langt tid mellom innkalling til intervju og tilbod om tilsetjing for aktuelle kandidatar. Dette gjorde til at det var gode kvalifiserte søkjarar som fekk seg jobb andre stader, sidan prosessen vart så langdryg.

Spørsmålet frå Masfjorden Sp vert då:

Kva planar har ein i tilsetjingsnemnda som sikrar at me får godt kvalifiserte og godt eigna tilsette i einingane våre?

Og

Er det gjort tankar om korleis ein kan forenkle tilsetjingsprosessen?

Rådmannen svara på desse spørsmåla.

Ragnvald Tangedal (Ap) stilte følgjande spørsmål:

Det blei orientert på forrige kommunestyremøte at det blir en økning på prisen for barn i SFO på ca 3% og en økning på prisen i barnehage til et gitt beløp. Det var ingen som fikk med seg at økningen var på 12%. Hadde vi fått med oss dette hadde det blitt en annen diskusjon på møtet.

Det er stor frustrasjon blant de foreldre som ha barn i barnehage og skole. Siden barnehage har noen planleggingsdager som er på andre dager enn skolen. Det betyr at foreldre må ta flere dager fri fra arbeid enn om de hadde samkjørt planleggingsdagene med skolen. Hva er grunnen til at dette skjer?

Rådmannen svara på desse spørsmåla.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) stilte spørsmål om husleigevedtaket som formannskapet gjorde 02.12.19.

Rådmannen svara at vedtaket vart gjeldande den dagen det var gjort, mens prisauken er gjeldande frå 1.febr.

Referatsaker:

Skriv 1 - Informasjon om Stortingets beslutning om overføring av skatteoppkrevingen fra kommunene til Skatteetaten

Rådmannen orienterte om at skatteoppkrevingen i Masfjorden ikkje vert overført til Skatteetaten men vil framleis jobbe i kommunen

Skriv 2 - Protokoll Representantskap 1 - 2019 IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap, 19.november

Skriv 3 - Skule- og barnehageruta 2020 - 2021

Skriv 4 - Stiftinga Vann Vest AS

Skriv 5 - Protokoll Regionråd 6 2019, fredag 6. desember 2019

Skriv 6 - Fråsegn - NOU 2019: "Skattelegging av havbruk"

Skriv 7 - Perioderapport 2016 - 2019 Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Skriv 8 - Til kommunane i Vestland fylke ved politisk leiing - Høyring politisk plattform og framlegg på kandidatar til verv.

Orientering frå ordførar:

· ordførar orienterte kort om status for Masfjordbrua
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering